



## VOLDA KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjord, Rådhuset  
**Dato:** 01.12.2015  
**Tid:** 12:00

Faste medlemer som møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemer som ikke møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Gunnar Strøm	Medlem	SV

Varamedlemer som møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Oyvind Festø	Gunnar Strøm	MDG

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Henrik Skovly	Økonomisjef, PS 187/15
Jorunn Anne Tomasdard	Helse- og omsorgssjef, PS 187/15
Svein Berg-Rusten	Ass. helse og omsorgssjef, PS 187/15
Brynhild Solvang	Leiar barnevernstenesta, PS 187/15
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef, PS 187/15 og 188/15

# SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 185/15	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 186/15	<b>Godkjenning av møteprotokoll fra forrige møte</b>
PS 187/15	<b>Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019</b>
PS 188/15	<b>Gebrysatsar for tenester etter plan- og bygningslova, matrikkellova og lov om eigarseksjonar</b>
PS 189/15	<b>Betalingssatsar i SFO, kulturskule og barnehagar 2016</b>
PS 190/15	<b>Betalingssatsar for meklarpakkar/eigedomsopplysningar 2016</b>
PS 191/15	<b>Avfallsgebyr 2016</b>
PS 192/15	<b>Gebyr for vatn og kloakk 2016</b>
PS 193/15	<b>Endring av betalingssatsar for helse- og omsorgstenester</b>

## **PS 185/15 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Handsaming:**

Innkalling:

Dokument utsendt på møtedagen:

Vedlegg til PS 187/15, Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019:

- KRF – spørsmål og svar om budsjett og økonomiplan
- Aarfot Fysioterapi AS – utviding av driftsavtale
- Utdanningsforbundet – Kommentarar til årsbudsjettet og økonomiplanen

PS - Gebyr for vatn og kloakk 2016

PS - Endring av betalingssatsar for helse- og omsorgstenester

Sakliste:

Ordføraren kom med framlegg om at følgjande saker vert sett på saklista:

- Gebyr for vatn og kloakk 2016
- Endring av betalingssatsar for helse- og omsorgstenester

Margrete Bjerkvik bad om ei orientering om besøket til statsråd Høie. Ordføraren informerte om at helse- og omsorgsminister Bent Høie har takka ja til invitasjon frå Volda kommune og kjem til Volda 15. desember 2015. Programmet er per dato ikkje fastsett.

**Røysting:**

Innkalling og sakliste, med tillegg frå ordføraren og Margrete Bjerkvik, vart samrøystes godkjent.

**PS 186/15 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

**Handsaming:**

**Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte, 24.11.2015, vart samrøystes godkjent.

**PS 187/15 Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019**

**Administrasjonen si tilråding:**

1. *Skatt på inntekt og formue for 2016 skal skrivast ut i samsvar med maksimalsatsane som Stortinget vedtek.*
2. *Kommunestyret vedtek følgjande prinsipp for drifta i Volda kommune:*
  - *Fokus på kjerneoppgåvane*
  - *Standard som er god nok*
  - *Optimalisere ressursbruken*
  - *Smarte løysingar*
  - *Fokus på budsjettstyring*
3. *Kommunestyret syner til tidlegare vedtekne strategiar slik dei framgår av budsjett- og økonomiplandokumentet.*
4. *Overordna mål for Volda kommune vert vedtekne som det går fram av kapittel 3.1 i budsjett dokumentet.*
5. *Mål for sektorane/stabane vert som det går fram av kapittel 3.3 -3.11 i budsjett dokumentet.*
6. *Volda kommune si netto driftsramme i 2016 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjett skjema 1A.*
7. *Volda kommune si netto driftsramme 2017-2019 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjett skjema 1A.*

8. *Brutto og netto budsjettrammer for sektorane i 2016 vert vedtekne som vist i Budsjettkjema 1B, med dei tiltaka som framgår av budsjettdokumentet.*
9. *Brutto og netto budsjettrammer for sektorane i 2017-2019 vert vedtekne som vist i Budsjettkjema 1B.*
10. *Investeringar i 2016 blir som vist i budsjettkjema 2B. Finansiering av investeringane blir vedteken som vist i budsjettkjema 2A.*
11. *Det vert i 2016 gjort låneopptak på kr 212.757.650. 9 mill kr av dette beløpet er knytt til Startlån.*
12. *Investeringar i 2017-2019 blir som vist i budsjettkjema 2B. Finansiering av investeringane blir vedtekne som vist i budsjettkjema 2A .*
13. *Ubrukte løyvingar på investeringsbudsjettet for inneverande år (2015) vert overført til 2016.*
14. *Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt på all fast eigedom i heile kommunen i 2016, jamfør eigedomsskattelova § 2 og § 3 bokstav a).*
15. *Kommunestyret vel å nytte bustadverdier (formuesgrunnlag utarbeidd av Skatteetaten) som metode ved taksering av bustadeigedomar. Andre eigedomar vert verdsett ved taksering etter eigedomsskattelova § 8 A-2.*
16. *Skattesatsen i 2016 vert sett i medhald av eigedomsskattelova § 11 og § 13 til 2 %o.*
17. *Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.*
18. *Eigedomsskatten skal betalast i 2 terminar.*
19. *Nye tiltak og saldering for budsjettåret 2016, vert vedtekne i samsvar med omtale i kapittel 1 i budsjettdokumentet.*
20. *Løyving frå kraftfondet vert vedteke i samsvar med omtale i kapittel 2.10 i budsjettdokumentet.*
21. *Volda kommune held fram med å være medlem i destinasjon Ålesund og Sunnmøre.*
22. *Kommunestyret ber rådmannen leggje fram sak om organisering av prosessar og mandat for å konkretisere frigjering av ressursar, slik det er skissert behov for i 2017 – 2019.*
23. *Satsane for driftstilskot til private ordinære barnehagar i 2016 vert som vist i tabell nr 2 i saksutgreiinga.*
24. *Kommunen skal gi kapitaltilskot til private ordinære barnehagar per heiltidsplass ut frå barnehagebygget sitt byggeår. Satsane for tilskotet vert fastsett av departementet.*

25. *Satsen for tilskot til private opne barnehagar i 2016 vert som vist i tabell nr 4 i saksutgreiinga.*

### **Handsaming:**

Vedlegg til saka, utsendt på møtedagen:

- KRF – spørsmål og svar om budsjett og økonomiplan
- Aarflot Fysioterapi AS – utviding av driftsavtale
- Utdanningsforbundet – Kommentarar til årsbudsjettet og økonomiplanen

Økonomisjefen, utviklingssjefen, helse- og omsorgssjefen, ass. helse- og omsorgssjef og leiar for barnevernstenesta var til stades under handsaminga av saka.

Rådmannen orienterte om årsbudsett 2016 og økonomiplan 2016-2019, deretter drøfta formannskapet saka.

Jørgen Amdam kom med slikt framlegg:

Endringsforslag drift:

- a. *Stilling ved plankontoret med spesielt ansvar for klima- og miljøplanlegging blir oppretta frå 1.7. 2016 – meirkostnad 300.000 kr. 2016 og 300.000 kr. 2017. Dekning ved bruk av disposisjonsfondet.*

Endringsforslag investering:

- a. *Opsjonar Øyra nye skule – seter, akustikk og lyd, 1,6” kr. i 2016/2017. Finansiert ved auka lånepptak.*
- b. *Skulebakken opprusting, flytting av investering frå 2019 til 2016/17*

Verbalframlegg:

*Kommunestyret ber om at det blir gjenopprettet stilling som valdskoordinator i 20 % stilling.*

*Kommunestyret ber om at kulturprisen blir gjenopprettet.*

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 18.11.2015. Innspel til årsbudsjett 2016

*Driftstyret er uroa for arbeidsmiljøet i pleie og omsorg og er nøgd med at det er sett i gong ei arbeidsmiljøundersøking. Driftstyret vil oppmøde om at det vert sett av ressursar til å gjennomføre tiltak for å løyse evt. problem som kjem fram av arbeidsmiljøundersøkinga.*

*Driftstyret oppmodar Volda kommune om å opprette fleire lærlingplassar. Dette er viktig i høve rekruttering av fagarbeidarar til alle tenesteområda i kommunna.*

*Driftstyret ber kommunestyret løyve kr.20.000, til Ørsta-Volda ballettskule sine framsyningars våren og hausten 2016. Driftstyret ber formannskapet finne løyvingar til dette. Viser til punkt 2.10 i årsbudsjettet 2016, næringsutvikling.*

*Driftstyret ber administrasjonen fremme ei sak vedrørande tildeling av midlar frå kraftfond og næringsfond i løpet av 2016, i god tid før budsjetthandsaming.*

Forvaltningsstyret: Oversending til administrasjonen:

*Ber om at administrasjonen ved høve orienterer forvaltningsstyret om korleis klima og miljøsaker vert ivaretakne og kven som har ansvaret for å følge opp arbeidet med klimaplanen.*

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

Løyving av aksjekapital i samband med stifting av aksjeselskap brukryssing-selskap

*Det vert vist til vedtak i Volda formannskap den 05.05.2014, sak PS 68/155, vedr stifting av aksjeselskap som skal ha som hovedføremål å etablere bru over Voldsfjorden. - Det vert vidare vist til vedtak i Volda kommunestyre den 27.08.2015, sak PS 84/15, vedr. same sak.*

*Til Volda kommune sin aksjeselskap i høve selskapsstiftinga vert løyvt inntil kr. 500.000,-. Midlar til løyvinga vert å hente frå "ubunde fond".*

Eigedomsskatt:

*1. Innføring av eigedomsskatt i Volda vart gjort gjennom vedtak i kommunestyret 29/8.2013, sak PS 112/13. I pkt 3 i dette vedtaket heiter det: "Ein føreset at det vert sett i verk tiltak i kommunen som bringer økonomien i balanse utan eigedomsskatt slik at eigedomsskatten vert søkt avvikla i år 2019."*

*Det er Volda kommunestyre sin intensjon at økonomistyringa i kommunen vert slik som føresett i nemnde vedtak.*

*2. Det er vidare Volda kommunestyre sin intensjon at eigedomsskattesatsen i perioden fram til denne skatten vert avvikla ikkje bør setjast høgare enn 2/00.*

*3. Volda kommunestyre ser det slik at innkome frå eigedomsskatt bør nyttast til investeringstiltak som kommunen ellers ikkje hadde funne plass til, om ein ikkje hadde denne skatten.*

Dan Helge Bjørneset kom med slikt endringsframlegg pkt. 21 i tilrådinga frå administrasjonen:

*Volda kommune ønskjer, i samarbeid med næringslivet, å prioritere å utvikle Volda som destinasjon og løyver midlar til slikt prosjekt tilsv. kontingenenten i destinasjon Ålesund og Sunnmøre. Ein held med det fast ved si utmelding i destinasjon Ålesund og Sunnmøre.*

Fride Sortehaug kom med slikt verbalframlegg:

1. Administrasjonen skal utgreie konsekvensane av innføring av inntektsavhengig betaling i Kulturskulen, etter mønster av foreldrebetalinga i barnehagane.
2. Administrasjonen skal utgreie konsekvensane av innføring av inntektsavhengig betaling i skulefritidsordninga, etter mønster av foreldrebetalinga i barnehagane.
3. Administrasjonen skal innan 1.6.2016 legge fram ei sak med framlegg til tiltak for å betre resultata i basisfaga, norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskuletrinnet.

Odd Harald Sundal kom med slikt framlegg:

*Volda Senterparti vil foreslå at stillingsprosenten til Bustadkoordinator vert sett til 80% i staden for 60%.  
Inndekning: Flytte 20% stillingsressurs fra Tenesta for rus og psykisk helse.*

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

*Kinosjefen har i notat av 31.10.2014 teke opp naudsynte investeringar som det etter hans syn må gjerast ved Volda Filmteater. Ajourført prisoverslag for den påpeika investeringa er innhenta - begge dei nemnde dokumenta følgjer som vedlegg. - Utanom dette har kinosjefen sagt opp stillinga p.gr.a. oppnådd pensjonsalder.*

*"Volda kommunestyre ber rådmannen leggje fram ei sak der det kan gjerast vedtak om korleis drift ved Volda Filmteater kan sikrast vidare."*

Krf v/Margrete Bjerkvik kom med slik framlegg:

*Kommunestyret ber rådmannen sjå på styrking av lærartettleik i 1-4 kl. Dette er det auka løyvingar til frå Stortinget i 2016. Dette med tanke på tidleg innsats i skulen.*

Anders Egil Straume, Krf, kom med slikt framlegg:

*Volda kommune kjøper ikkje ny veghøvel. Men jobbar med og få til ein avtale med Ørsta kommune om leige.*

*Kan ikkje sjå behovet for at Volda og Ørsta kommune skal ha 2 av desse maskinene.*

*Om det ikkje lykkast og komme til ein avtale kan det vurderast på eit seinere budsjett.*

Sølvi Dimmen, Sp, kom med slikt framlegg:

*Driftsavtale ved Aarflot fysioterapitenesta vert utvida frå 150% til 300% ved ei gradvis opptrapping (med 50% pr år) over 3 år.*

*Ei ytterligere utviding av fysioterapitilbodet skal skje ved opprettning av kommunale stillingar.*

## **Det vart halde prøverøysting.**

Endringsframlegg frå Jørgen Amdam drift :

- a. Framlegget vedk. stilling ved plankontoret fekk sju røyster, to røysta mot (Margrete Bjerkvik og Anders Egil Straume).

Endringsframlegg frå Jørgen Amdam investering:

- a. Framlegget vedk. opsjonar nye Øyra skule fekk åtte røyster. Margrete Bjerkvik røysta mot.
- b. Framlegget vedk. Skulebakken fekk ni røyster

Verbalframlegg frå Jørgen Amdam:

- Framlegget vedk. valdskoordinator fekk fem røyster, fire røysta mot (Margrete Bjerkvik, Anders Egil Straume, Dan Helge Bjørneset og Odd A. Folkestad)
- Framlegget vedk. kulturpris fekk ni røyster.
- Oversendingsframlegga frå driftsstyret og forvaltningsstyret fekk ni røyster.

Framlegget frå Odd A. Folkestad vedk. kino, fekk ni røyster.

Framlegget frå Odd A. Folkestad vedk. brukryssing-selskap, vart ikkje røysta over.

Framlegget frå Odd A. Folkestad vedk. eigedomsskatt, vart ikkje røysta over.

Framlegget til Dan Helge Bjørneset vedk. destinasjon Ålesund og Sunnmøre, fekk ni røyster.

Framlegget til Odd Harald Sundal vedk. stillingsprosent bustadkoordinator, fekk ni røyster.

Framlegget frå Anders Egil Straume vedk. veghøvel, fekk ni røyster.

Verbalframlegget frå Fride Sortehaug vedk. kulturskulen, fekk ni røyster.

Verbalframlegget frå Fride Sortehaug vedk. skulefritidsordning, fekk ni røyster.

Verbalframlegget frå Fride Sortehaug vedk. resultat ungdomsskuletrinnet, fekk ni røyster.

Verbalframlegget frå Sølvi Dimmen, Sp, vedk. fysioterapi, fekk ni røyster.

Formannskapet hadde ei kort pause, og i etterkant vart det gjort nokre endringar i framlegg til vedtak:

Framlegget frå Sølvi Dimmen, Sp:

*Driftsavtale ved Aarflot fysioterapitenesta vert utvida frå 150% til 300% ved ei gradvis opptrapping (med 50% pr år) over 3 år frå og med 01.07.16. Kostnaden kr 198 000 i 2016*

*vert dekt ved at styrking av kommunalt fysioterapitilbod vert teke ut. Heilsårverknad av tiltaket vert dekt innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren frå og med 2017.*

*Ei ytterligere utviding av fysioterapitilboden skal skje ved oppretting av kommunale stillingar.*

Framlegget frå Odd Harald Sundal:

*Kommunestyret ber administrasjonen vurdere om bustadkoordinatorstillinga kan aukast til 80 % innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren.*

Formannskapet kom med slikt tillegg til oversendingsframlegget frå driftsstyret og forvalningsstyret:

*Kommunestyret vedtek at oversendingsframlegget frå driftsstyret og forvalningsstyret vert sendt attende til formannskapet for vidare handsaming.*

### **Røysting:**

Administrasjonen sin tilråding pkt. 1-20 vart samrøystes vedteken.

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen pkt. 21 og framlegget frå Dan Helge Bjørneset. Framlegget frå Bjørneset vart samrøystes vedteke.

Administrasjonen sin tilråding pkt. 22-25 vart samrøystes vedteken.

Endringsframlegg frå Jørgen Amdam drift:

Nytt pkt. 26. - Framlegget vedk. stilling ved plankontoret fekk fem røyster og vart vedteke. Fire røysta mot (Margrete Bjerkvik, Anders Egil Straume, Odd A. Folkestad og Dan Helge Bjørneset).

Endringsframlegg frå Jørgen Amdam investering:

Nytt pkt. 27 - Framlegget vedk. opsjonar nye Øyra skule fekk åtte røyster og vart vedteke. Margrete Bjerkvik røysta mot.

Nytt pkt. 28 - Framlegget vedk. Skulebakken fekk ni røyster og vart vedteke.

Verbalframlegg frå Jørgen Amdam:

Nytt pkt. 29 - Framlegget vedk. valdskoordinator fekk sju røyster og vart vedteke, to røysta mot (Margrete Bjerkvik og Anders Egil Straume).

Nytt pkt. 30 - Framlegget vedk. kulturpris fekk ni røyster og vart vedteke.

Nytt pkt. 31 - Oversendingsframlegg frå driftsstyret og forvalningsstyret, med tillegg frå formannskapet, fekk ni røyster og vart vedteke.

Det vart ikkje røysta over Odd A. Folkestad sitt framlegg vedk. brukryssings-selskap. Saka vert realitetshandsama i formannskapet 8. desember, under sak om Korrigering av budsjett 2. halvår 2015.

Nytt pkt. 32 – Framlegget frå Odd A. Folkestad vedk. kino vart samrøystes vedteke.

Odd A. Folkestad trekte pkt. 2 i framlegget om eigedomsskatt.

Nytt pkt. 33 – Framlegget frå Odd A. Folkestad vedk. eigedomsskatt pkt. 1 og pkt. 3 (nytt pkt. 2) vart samrøystes vedteke.

Nytt pkt. 34 – Framlegget frå Odd Harald Sundal vedk. bustadkoordinatorstilling vart samrøystes vedteke.

Nytt pkt. 35 – Framlegget frå Fride Sortehaug vedk. kulturskulen, vart samrøystes vedteke.

Nytt pkt. 36 - Framlegget frå Fride Sortehaug vedk. skulefritidsordninga, vart samrøystes vedteke.

Nytt pkt. 37 - Framlegget frå Fride Sortehaug vedk. resultat ungdomsskuletrinnet, vart samrøystes vedteke.

Nytt pkt. 38 – Framlegget frå Anders Egil Straume vedk. veghøvel, vart samrøystes vedteke.

Nytt pkt. 39 – Framlegget frå Margrete Bjerkvik vedk. lærartettleik, vart samrøystes vedteke.

Nytt pkt. 40 – Framlegget frå Sølvi Dimmen vedk. fysioterapi, vart samrøystes vedteke.

#### **Tilråding i formannskapet - 01.12.2015 til kommunestyret:**

- 1. Skatt på inntekt og formue for 2016 skal skrivast ut i samsvar med maksimalsatsane som Stortinget vedtek.**
- 2. Kommunestyret vedtek følgjande prinsipp for drifta i Volda kommune:**
  - *Fokus på kjerneoppgåvene*
  - *Standard som er god nok*
  - *Optimalisere ressursbruken*
  - *Smarte løysingar*
  - *Fokus på budsjettstyring*
- 3. Kommunestyret syner til tidlegare vedtekne strategiar slik dei framgår av budsjett- og økonomiplandokumentet.**
- 4. Overordna mål for Volda kommune vert vedtekne som det går fram av kapittel 3.1 i budsjett dokumentet.**
- 5. Mål for sektorane/stabane vert som det går fram av kapittel 3.3 -3.11 i budsjett dokumentet.**

6. *Volda kommune si netto driftsramme i 2016 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A.*
7. *Volda kommune si netto driftsramme 2017-2019 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A.*
8. *Brutto og netto budsjettrammer for sektorane i 2016 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B, med dei tiltaka som framgår av budsjett dokumentet. Det vert vist til endringa i pkt. 26.*
9. *Brutto og netto budsjettrammer for sektorane i 2017-2019 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B, med tillegg av endringa i pkt. 26.*
10. *Investeringar i 2016 blir som vist i budsjettskjema 2B. Finansiering av investeringane blir vedteken som vist i budsjettskjema 2A, med tillegg av endringa i pkt. 27.*
11. *Det vert i 2016 gjort låneopptak på kr 212.757.650. 9 mill kr av dette beløpet er knytt til Startlån.*
12. *Investeringar i 2017-2019 blir som vist i budsjettskjema 2B. Finansiering av investeringane blir vedtekne som vist i budsjettskjema 2A .*
13. *Ubrukte løyvingar på investeringsbudsjettet for inneverande år (2015) vert overført til 2016.*
14. *Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt på all fast eigedom i heile kommunen i 2016, jamfør eigedomsskattelova § 2 og § 3 bokstav a).*
15. *Kommunestyret vel å nytte bustadverdier (formuesgrunnlag utarbeidd av Skatteetaten) som metode ved taksering av bustadeigedomar. Andre eigedomar vert verdsett ved taksering etter eigedomsskattelova § 8 A-2.*
16. *Skattesatsen i 2016 vert sett i medhald av eigedomsskattelova § 11 og § 13 til 2 %.*
17. *Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.*
18. *Eigedomsskatten skal betalast i 2 terminar.*
19. *Nye tiltak og saldering for budsjettåret 2016, vert vedtekne i samsvar med omtale i kapittel 1 i budsjett dokumentet.*
20. *Løyving frå kraftfondet vert vedteke i samsvar med omtale i kapittel 2.10 i budsjett dokumentet.*
21. *Volda kommune ønskjer, i samarbeid med næringslivet, å prioritere å utvikle Volda som destinasjon og løyver midlar til slikt prosjekt tilsv. kontingensten i destinasjon Ålesund og Sunnmøre. Ein held med det fast ved si utmelding i destinasjon Ålesund og Sunnmøre.*

- 22. Kommunestyret ber rådmannen legge fram sak om organisering av prosessar og mandat for å konkretisere frigjering av ressursar, slik det er skissert behov for i 2017 – 2019.**
- 23. Satsane for driftstilskot til private ordinære barnehagar i 2016 vert som vist i tabell nr 2 i saksutgreiinga.**
- 24. Kommunen skal gi kapitaltilskot til private ordinære barnehagar per heiltidslass ut i frå barnehagebygget sitt byggear. Satsane for tilskotet vert fastsett av departementet.**
- 25. Satsen for tilskot til private opne barnehagar i 2016 vert som vist i tabell nr 4 i saksutgreiinga.**
- 26. Stilling ved plankontoret med spesielt ansvar for klima- og miljøplanlegging blir oppretta frå 1.7. 2016 – meirkostnad 300.000 kr. 2016 og 300.000 kr. 2017. Dekning ved bruk av disposisjonsfondet.**
- 27. Opsjonar Øyra nye skule – seter, akustikk og lyd, 1,6” kr. i 2016/2017. Finansiert ved auka låneopptak.**
- 28. Skulebakken opprusting, flytting av investering frå 2019 til 2016/17**
- 29. Kommunestyret ber om at det blir gjenopprettet stilling som valdskoordinator i 20 % stilling.**
- 30. Kommunestyret ber om at kulturprisen blir gjenopprettet.**
- 31. Kommunestyret vedtek at oversendingsframlegget frå driftsstyret og forvalningsstyret vert sendt attende til formannskapet for vidare handsaming.**

**Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 18.11.2015. Innspel til årsbudsjett 2016**

**Driftstyret er uroa for arbeidsmiljøet i pleie og omsorg og er nøgd med at det er sett i gong ei arbeidsmiljøundersøking. Driftstyret vil oppmøde om at det vert sett av ressursar til å gjennomføre tiltak for å løyse evt. problem som kjem fram av arbeidsmiljøundersøkinga.**

**Driftstyret oppmodar Volda kommune om å opprette fleire lærplinglassar. Dette er viktig i høve rekruttering av fagarbeidarar til alle tenesteområda i kommunen.**

**Driftstyret ber kommunestyret løyve kr.20.000, til Ørsta-Volda ballettskule sine framsyningar våren og hausten 2016. Driftstyret ber formannskapet finne løyvingar til dette. Viser til punkt 2.10 i årsbudsjettet 2016, næringsutvikling.**

**Driftstyret ber administrasjonen fremme ei sak vedrørande tildeling av midlar frå kraftfond og næringsfond i løpet av 2016, i god tid før budsjetthandsaming.**

**Forvalningsstyret: Oversending til administrasjonen:**

*Ber om at administrasjonen ved høve orienterer forvalningsstyret om korleis klima og miljøsaker vert ivaretekne og kven som har ansvaret for å følge opp arbeidet med klimaplanen*

32. *Kinosjefen har i notat av 31.10.2014 teke opp naudsynte investeringar som det etter hans syn må gjerast ved Volda Filmteater. Ajourført prisoverslag for den påpeika investeringa er innhenta - begge dei nemnde dokumenta følgjer som vedlegg. - Utanom dette har kinosjefen sagt opp stillinga p.gr.a. oppnådd pensjonsalder.*

*"Volda kommunestyre ber rådmannen leggje fram ei sak der det kan gjerast vedtak om korleis drift ved Volda Filmteater kan sikrast vidare."*

33. a) *Innføring av eigedomsskatt i Volda vart gjort gjennom vedtak i kommunestyret 29/8.2013, sak PS 112/13. I pkt 3 i dette vedtaket heiter det: "Ein føreset at det vert sett i verk tiltak i kommunen som bringer økonomien i balanse utan eigedomsskatt slik at eigedomsskatten vert søkt avvikla i år 2019."*

*Det er Volda kommunestyre sin intensjon at økonomistyringa i kommunen vert slik som føresett i nemnde vedtak.*

*b) Volda kommunestyre ser det slik at innkome frå eigedomsskatt bør nyttast til investeringstiltak som kommunen ellers ikkje hadde funne plass til, om ein ikkje hadde denne skatten.*

34. *Kommunestyret ber administrasjonen vurdere om bustadkoordinatorstillinga kan aukast til 80 % innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren.*

35. *Administrasjonen skal utgreie konsekvensane av innføring av inntektsavhengig betaling i Kulturskulen, etter mønster av foreldrebetalinga i barnehagane.*

36. *Administrasjonen skal utgreie konsekvensane av innføring av inntektsavhengig betaling i skulefritidsordninga, etter mønster av foreldrebetalinga i barnehagane.*

37. *Administrasjonen skal innan 1.6.2016 legge fram ei sak med framlegg til tiltak for å betre resultata i basisfaga, norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskuletrinnet.*

38. *Volda kommune kjøper ikkje ny veghøvel. Men jobbar med og få til ein avtale med Ørsta kommune om leige.*

*Kan ikkje sjå behovet for at Volda og Ørsta kommune skal ha 2 av desse maskinene.*

*Om det ikkje lykkast og komme til ein avtale kan det vurderast på eit seinere budsjett.*

39. *Kommunestyret ber rådmannen sjå på styrking av lærartettleik i 1-4 kl. Dette er det auka løyingar til frå Stortinget i 2016. Dette med tanke på tidleg innsats i skulen.*

40. *Driftsavtale ved Aarflot fysioterapitenesta vert utvida frå 150% til 300% ved ei gradvis opptrapping (med 50% pr år) over 3 år frå og med 01.07.16. Kostnaden kr 198 000 i 2016 vert dekt ved at styrking av kommunalt fysioterapitilbod vert teke ut. Heilsårverknad av tiltaket vert dekt innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren frå og med 2017.*

*Ei ytterligere utviding av fysioterapitilboden skal skje ved oppretting av kommunale stillinger.*

## **PS 188/15 Gebrysatsar for tenester etter plan- og bygningslova, matrikkellova og lov om eigarseksjonar**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Prisar på tenester ved utviklingssektoren vert vedtekne som vist i vedlegget "Prisar på tenester for 2016, utviklingssektoren".*

*Heimel for vedtaket er Plan- og bygningslova § 33-1, Matrikkellova § 32, Matrikelforskrifta § 16, Lov om eierseksjoner § 7 og Forskrift om gebyr for konsesjonsbehandling m.m.*

*Gebrysatsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2016.*

### **Handsaming:**

Utviklingssjef Jørgen Vestgarden, var til stades under handsaminga av saka.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 01.12.2015 til kommunestyret:**

*Prisar på tenester ved utviklingssektoren vert vedtekne som vist i vedlegget "Prisar på tenester for 2016, utviklingssektoren".*

*Heimel for vedtaket er Plan- og bygningslova § 33-1, Matrikkellova § 32, Matrikelforskrifta § 16, Lov om eierseksjoner § 7 og Forskrift om gebyr for konsesjonsbehandling m.m.*

*Gebrysatsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2016.*

## **PS 189/15 Betalingssatsar i SFO, kulturskule og barnehagar 2016**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret vedtek følgjande betalingssatsar:*

#### **1. Skulefritidsordningane**

*Betalingsatsar for skulefritidsordningane frå 01.08.2016:*

<i>Sentrumspris pr månad i 11 månader</i>	: 1-3 dager pr. veke	: kr 1 516,-
	: 4 dager pr. veke	: kr 1 977,-
	: 5 dager pr. veke	: kr 2 442,-

<i>Matpengar pr månad</i>	: 1-3 dager pr. veke	: kr 111,-
	: 4 dager pr. veke	: kr 163,-
	: 5 dager pr. veke	: kr 205,-

*Dei andre krinsane: pr månad i 10 månader: 16 timer pr veke : kr 1 810,-*

*I skulefritidsordningar med avvikande opningstid vert betalinga utrekna i høve til prisen for 16 timars opningstid.*

*Enkelttimesatsen for alle skulefritidsordningane vert sett til kr 70,-.*

*For alle ordningane vert det gitt same syskenrabatt som i barnehagane.  
Barn nr 2: 30%. Barn nr 3: 50%*

***Det vert ikkje gitt syskenrabatt mellom barnehage og SFO.***

## **2. Volda kulturskule**

*Betalingssatsar for Volda kulturskule frå 01.08.2016:*

*Pr semester for undervisning individuelt og i smågrupper: kr 1700,-*

*Pr semester for instrumentleige : kr 250,-*

*Pr semester for materiell i kunstskulen : kr 250,-*

*Det vert gitt 25 % syskenmoderasjon for elev nr 2 og fleire.*

*Med verknad frå 01.08.2016 vert det innført 25 % moderasjon for instrument nr 2 og fleire for elevar som er påmeldt fleire instrument/disiplinar.*

## **3. Barnehagane**

*Betalingssatsar for Mork, Engeset, Oppigarden, Sollia og Austefjord barnehagar frå 01.01.2016 (med etterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):*

*Pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dager pr. veke: kr 2 655,-*

*Matpengar pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dager pr. veke: kr 300,-*

*Betalingssatsar for Folkestad og Lauvstad barnehagar frå 01.01.2016*

*(med etterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):*

*Pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dager pr. veke: kr 2 655,-*

*Pr. månad i 11 månader : 80 % plass – 4 dager pr. veke: kr 2 480,-*

*Matpengar pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dager pr. veke: kr 300,-*

*Matpengar pr. månad i 11 månader : 80 % plass – 4 dager pr. veke: kr 240,-*

***Syskerabatt for barn nr. 2: 30 % og for barn nr. 3: 50 %***

*Syskenrabatt gjeld for barnehageplass innanfor kommunen, og gjeld barnehageplass i både kommunal- og ikkje-kommunal barnehage.*

## **Handsaming:**

Det vart gjort ei redaksjonell endring i framlegg til vedtak vedk. barnehagesatsar.

### ***Betalingssatsar for Mork, Engeset, Oppigarden, Sollia og Austefjord barnehagar frå 01.01.2016 (med etterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):***

*Pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 655,-*

*Matpengar pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 300 kr 350,-*

### ***Betalingssatsar for Folkestad og Lauvstad barnehagar frå 01.01.2016 (med etterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):***

*Pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 655,-*

*Pr. månad i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 2 480,-*

*Matpengar pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 300 kr 350,-*

*Matpengar pr. månad i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 240 kr 280,-*

## **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen, med endringar, vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 01.12.2015 til kommunestyret:**

*Kommunestyret vedtek følgjande betalingssatsar:*

#### **1. Skulefritidsordningane**

*Betalingssatsar for skulefritidsordningane frå 01.08.2016:*

<i>Sentrumspr. månad i 11 månader</i>	<i>: 1-3 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 1 516,-</i>
	<i>: 4 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 1 977,-</i>
	<i>: 5 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 2 442,-</i>

<i>Matpengar pr. månad</i>	<i>: 1-3 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 111,-</i>
	<i>: 4 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 163,-</i>
	<i>: 5 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 205,-</i>

*Dei andre krinsane: pr månad i 10 månader: 16 timer pr veke : kr 1 810,-*

*I skulefritidsordningar med avvikande opningstid vert betalinga utrekna i høve til prisene for 16 timers opningstid.*

*Enkelttimesatsen for alle skulefritidsordningane vert sett til kr 70,-.*

*For alle ordningane vert det gitt same syskenrabatt som i barnehagane.*

*Barn nr 2: 30%. Barn nr 3: 50%*

***Det vert ikkje gitt syskenrabatt mellom barnehage og SFO.***

#### **2. Volda kulturskule**

*Betalingssatsar for Volda kulturskule frå 01.08.2016:  
Pr semester for undervisning individuelt og i smågrupper: kr 1700,-  
Pr semester for instrumentleige : kr 250,-  
Pr semester for materiell i kunstskulen : kr 250,-*

*Det vert gitt 25 % syskenmoderasjon for elev nr 2 og fleire.  
Med verknad frå 01.08.2016 vert det innført 25 % moderasjon for instrument nr 2 og fleire  
for elevar som er påmeldt fleire instrument/disiplinar.*

### **3. Barnehagane**

*Betalingssatsar for Mork, Engeset, Oppigarden, Sollia og Austefjord barnehagar frå 01.01.2016 (med etterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):*

*Pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 655,-  
Matpengar pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 350,-*

### **Betalingssatsar for Folkestad og Lauvstad barnehagar frå 01.01.2016**

*(med etterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):*

*Pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 655,-  
Pr. månad i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 2 480,-*

*Matpengar pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 350,-  
Matpengar pr. månad i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 280,-*

### **Syskerabatt for barn nr. 2: 30 % og for barn nr. 3: 50 %**

*Syskenrabatt gjeld for barnehageplass innanfor kommunen, og gjeld barnehageplass i både  
kommunal- og ikkje-kommunal barnehage.*

## **PS 190/15 Betalingssatsar for meklarpakkar/eigedomssopplysningar 2016**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret vedtek fylgjande betalingssatsar for meklarpakkar/eigedomssopplysningar  
gjeldande frå 01.01.2016:*

#### Leveringstid – arbeidsdagar Pris inkl mva

1-7 dagar	kr. 2030,-
8-10 dagar	kr. 1440,-
11 dagar eller meir	kr. 535,-

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 01.12.2015 til kommunestyret:

*Kommunestyret vedtek fylgjande betalingssatsar for meklarpakkar/eigedomssopplysningar gjeldande frå 01.01.2016:*

**Leveringstid – arbeidsdagar Pris inkl mva**

<i>1-7 dagar</i>	<i>kr. 2030,-</i>
<i>8-10 dagar</i>	<i>kr. 1440,-</i>
<i>11 dagar eller meir</i>	<i>kr. 535,-</i>

**PS 191/15 Avfallsgebyr 2016**

Administrasjonen si tilråding:

*Kommunestyret vedtek å godkjenne justering av avfallsgebyr for 2016 i samsvar med vedlagte gebyrregulativ, datert 24.08.2015.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 01.12.2015 til kommunestyret:

*Kommunestyret vedtek å godkjenne justering av avfallsgebyr for 2016 i samsvar med vedlagte gebyrregulativ, datert 24.08.2015.*

**PS 192/15 Gebyr for vatn og kloakk 2016**

Administrasjonen si tilråding:

1. *Gebyr for vatn vert auka med 5% i abonnementsgebyr og 5% i forbruksgebyr i høve satsane for 2015.*
2. *Gebyr for avlaup for abonnementsgebyr vert uendra for hytte/fritidshus, bustad og for næringseigedomar i høve satsane for 2015.*
3. *Forbruksgebyr avlaup vert uendra i høve satsane for 2015.*
4. *Tilleggsgebyr vassmålar dersom kommunen må på staden og lese av målar vert vidareført med sats 2015.*
5. *Satsane for eingongsgesbyr for tilknyting for vatn og avløp er uendra utover satsane for 2015.*
6. *Kommunalt vatn- og avlaup skal driftast etter sjølvkostprinsippet.*
7. *På grunn av oppbygde fond vert det berre kravd inn halvt årsgebyr for avlaup 2016.*

**Handsaming:**

Saka vart utsendt på møtedagen.

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 01.12.2015 til kommunestyret:**

1. *Gebyr for vatn vert auka med 5% i abonnementsgebyr og 5% i forbruksgebyr i høve satsane for 2015.*
2. *Gebyr for avlaup for abonnementsgebyr vert uendra for hytte/fritidshus, bustad og for næringseigedomar i høve satsane for 2015.*
3. *Forbruksgebyr avlaup vert uendra i høve satsane for 2015.*
4. *Tilleggsgebyr vassmålar dersom kommunen må på staden og lese av målar vert vidareført med sats 2015.*
5. *Satsane for eingongsgebyr for tilknyting for vatn og avløp er uendra utover satsane for 2015.*
6. *Kommunalt vatn- og avlaup skal driftast etter sjølvkostprinsippet.*
7. *På grunn av oppbygde fond vert det berre kravd inn halvt årsgebyr for avlaup 2016.*

**PS 193/15 Endring av betalingssatsar for helse- og omsorgstenester****Administrasjonen si tilråding:**

Eigenbetaling for kommunale omsorgstenester for 2016 vert slik:

**Praktisk bistand, herunder også brukarstyrt personleg assistanse:**

<b>G= 90.068,-</b>	<b>Inntektsgrunnlag</b>	<b>2015</b>	<b>2016, pr. mnd</b>
<2G	Inntekt<180.136,-	186,-	186,-*
2 – 3G	180.137,- - 270.204,-	990,-	1.020,-
3 – 4G	270.205,- - 360.272,-	1.350,-	1.390,-
4 – 5G	360.273,- - 450.340,-	1.700,-	1.750,-
>5G	450.341,->	2.030,-	2.100,-
Timesats for enkelttimar, sjølvkostbeløp		295,-	357,-

**Sal av mat:**

	<b>Kommentar</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Sal av middag på institusjon og bufellesskap	Summen av middag,	77	*
Sal av frukost i inst. og bufellesskap	frukost og kvelds set vi	35	*
Sal av kveldsmat i inst. og bufellesskap	likt med statleg fastsett sum for korttidsopphald.	35	*

Varm mat levert i privat heim		86	92
Kald mat levert i privat heim			80
Fullkost pr. døgn		147	*
Fullkost pr. mnd.	147*,- x 365 delt på 12	4.471	*

#### Tenester:

	Kommentar	2015	2016
Korttidsopphald på institusjon	Statleg fastsett døgnpris	147	*
Dagopphald på institusjon	Statleg fastsett	77	*
Nattopphald på institusjon	Statleg fastsett	77	*
Tryggleiksalarm pr. mnd.		300	310
Alarmknapp i bufellesskap	Pr. mnd.	145	150
Leige av bodareal pr. mnd.	Inkl. i husleige for leidgetakrar i bufellesskap	325	340
Overnatting for pårørande	Legeloftet, Fjordsyn, døgnleige utan kost	260	270
Leige av treningssal	Eksterne personar/grupper, pr. time		250
Leige av bibliotek ved kaffistova	Avstengt til lukka arrangement	500	500
	Til konfirmasjonar	1.200	1.240
Leige av kafeteria(kaffistova)		1.300	1.340
Dagsenteret	Kveld og helg, inntil 3. timer	600	620
	Konfirmasjonar mm	1.300	1.340

#### Dagsenteret for eldre på omsorgssenteret:

		2015	2016
Tilbod på dagsenteret(tilboden inkluderer **)	Kostnad pr. dag	215	225
**Dagtilbod med aktivisering og underhaldning		60	62
**Transport		63	65
**Middag og kaffemat		92	98
Frukost kjem i tillegg for dei som ynskjer det		35	*

#### Kurdøgnpris:

Utrekna etter statlege føringar		2015	2016
Kurdøgnpris, kommunal kostnad pr. seng pr. natt	Ikkje betalingssats	2.259,-	2.311,-

#### Hamna dagsenter:

Kva	Pris	Lengd
Ein skuletime, bruk av sanserom inkl. beröringsterapeut.	600,-	45 min
Ein skuletime, bruk av sanserom utan beröringsterapeut	300,-	60 min
Matpengar, lunsj og kaffe mm. Lik sum med frukost x 20/mnd	700,-*	1 mnd

\*Alle satsar merka med stjerne vert anten fastsett i sentral forskrift eller vert påverka av den statleg fastsette satsen. Satsane som står i kolonne "2016" er vidareføring frå 2015, men vert endra så snart ny forskrift opplyser dei nye satsane.

Endringane for alle nye satsar er gjeldande frå 01.01.2016.

## **Handsaming:**

Saka vart utsendt på møtedagen.

## **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

## **Tilråding i formannskapet - 01.12.2015 til kommunestyret:**

*Eigenbetaling for kommunale omsorgstenester for 2016 vert slik:*

*Praktisk bistand, herunder også brukarstyrt personleg assistanse:*

<i>G= 90.068,-</i>	<i>Inntektsgrunnlag</i>	<i>2015</i>	<i>2016, pr. mnd</i>
<i>&lt;2G</i>	<i>Inntekt&lt;180.136,-</i>	<i>186,-</i>	<i>186,-*</i>
<i>2 – 3G</i>	<i>180.137,- - 270.204,-</i>	<i>990,-</i>	<i>1.020,-</i>
<i>3 – 4G</i>	<i>270.205,- - 360.272,-</i>	<i>1.350,-</i>	<i>1.390,-</i>
<i>4 – 5G</i>	<i>360.273,- - 450.340,-</i>	<i>1.700,-</i>	<i>1.750,-</i>
<i>&gt;5G</i>	<i>450.341,&gt;</i>	<i>2.030,-</i>	<i>2.100,-</i>
<i>Timesats for enkelttimar, sjølvkostbeløp</i>		<i>295,-</i>	<i>357,-</i>

## **Sal av mat:**

	<i>Kommentar</i>	<i>2015</i>	<i>2016</i>
<i>Sal av middag på institusjon og bufellesskap</i>	<i>Summen av middag, frukost og kvelds set vi likt med statleg fastsett sum for korttidsopphald.</i>	<i>77</i>	<i>*</i>
<i>Sal av frukost i inst. og bufellesskap</i>		<i>35</i>	<i>*</i>
<i>Sal av kveldsmat i inst. og bufellesskap</i>		<i>35</i>	<i>*</i>
<i>Varm mat levert i privat heim</i>		<i>86</i>	<i>92</i>
<i>Kald mat levert i privat heim</i>			<i>80</i>
<i>Fullkost pr. døgn</i>		<i>147</i>	<i>*</i>
<i>Fullkost pr. mnd.</i>	<i>147*- x 365 delt på 12</i>	<i>4.471</i>	<i>*</i>

## **Tenester:**

	<i>Kommentar</i>	<i>2015</i>	<i>2016</i>
<i>Korttidsopphald på institusjon</i>	<i>Statleg fastsett døgnpris</i>	<i>147</i>	<i>*</i>
<i>Dagopphald på institusjon</i>	<i>Statleg fastsett</i>	<i>77</i>	<i>*</i>
<i>Nattopphald på institusjon</i>	<i>Statleg fastsett</i>	<i>77</i>	<i>*</i>
<i>Tryggleiksalarm pr. mnd.</i>		<i>300</i>	<i>310</i>
<i>Alarmknapp i bufellesskap</i>	<i>Pr. mnd.</i>	<i>145</i>	<i>150</i>
<i>Leige av bodareal pr. mnd.</i>	<i>Inkl. i husleige for leigetakrarar i bufellesskap</i>	<i>325</i>	<i>340</i>
<i>Overnatting for pårørande</i>	<i>Legeloftet, Fjordsyn, døgnleige utan kost</i>	<i>260</i>	<i>270</i>

<i>Leige av treningssal</i>	<i>Eksterne personar/grupper, pr. time</i>		<i>250</i>
<i>Leige av bibliotek ved kaffistova</i>	<i>Avstengt til lukka arrangement</i>	<i>500</i>	<i>500</i>
	<i>Til konfirmasjonar</i>	<i>1.200</i>	<i>1.240</i>
<i>Leige av kafeteria(kaffistova)</i>		<i>1.300</i>	<i>1.340</i>
<i>Dagsenteret</i>	<i>Kveld og helg, inntil 3. timer</i>	<i>600</i>	<i>620</i>
	<i>Konfirmasjonar mm</i>	<i>1.300</i>	<i>1.340</i>

*Dagsenteret for eldre på omsorgssenteret:*

		<i>2015</i>	<i>2016</i>
<i>Tilbod på dagsenteret(tilboden inkluderer **)</i>	<i>Kostnad pr. dag</i>	<i>215</i>	<i>225</i>
<i>**Dagtilbod med aktivisering og underhaldning</i>		<i>60</i>	<i>62</i>
<i>**Transport</i>		<i>63</i>	<i>65</i>
<i>**Middag og kaffemat</i>		<i>92</i>	<i>98</i>
<i>Frukost kjem i tillegg for dei som ynskjer det</i>		<i>35</i>	*

*Kurdøgnpris:*

<i>Utrekna etter statlege føringar</i>		<i>2015</i>	<i>2016</i>
<i>Kurdøgnpris, kommunal kostnad pr. seng pr. natt</i>	<i>Ikkje betalingssats</i>	<i>2.259,-</i>	<i>2.311,-</i>

*Hamna dagsenter:*

<i>Kva</i>	<i>Pris</i>	<i>Lengd</i>
<i>Ein skuletime, bruk av sanserom inkl. beröringsterapeut.</i>	<i>600,-</i>	<i>45 min</i>
<i>Ein skuletime, bruk av sanserom utan beröringsterapeut</i>	<i>300,-</i>	<i>60 min</i>
<i>Matpengar, lunsj og kaffe mm. Lik sum med frukost x 20/mnd</i>	<i>700,-*</i>	<i>1 mnd</i>

*\*Alle satsar merka med stjerne vert anten fastsett i sentral forskrift eller vert påverka av den statleg fastsette satsen. Satsane som står i kolonne "2016" er vidareføring frå 2015, men vert endra så snart ny forskrift opplyser dei nye satsane.*

*Endringane for alle nye satsar er gjeldande frå 01.01.2016.*

Møtet slutt kl. 15:30

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
02.12.2015

Sonja Håvik  
konsulent